



Kristian Bringedal lengst til venstre på bildet priste den frivillige innsatsen i Kafe Tiaren under det festlege samveret. Han står heilt nede til venstre på bildet.

**Eit nytt år er gått for Kafe Tiaren som har ope kvar tysdag på Gamleskulen og dei driftige damene som driv han har fått sin fortente takk under eit festleg samvær. Det var leiar i Uskedal Utvikling Kristian Bringedal som formidla takken i ord og tonar og streka under både frivillig-innsatsen i Uskedalen og generelt i landet.**

**- Vi er takksame for det store arbeidet som vert gjort kvar tysdag gjennom heile året. Det er viktig både for bygda, fastbuande og tilreisande, i det heile for alle som brukar Gamleskulen som ein positiv møteplass, sa leiaren.**

**Sryret set stor pris på arbeidet som vert gjort og ville som i tidlegare år iunvitara til ein triveleg og sosial kveld.**

I tillegg til det sosiale er tiltaket ei viktig inntektskjelde for Uskedal Utvikling, og dermed avgjerande for drifta og vedlikehaldet av bygget, streka Bringedal under.

I tillegg til dei fortente orda og tonane vart det servert eit velsmakande koldtbord og dei rundt 20 som var tilstades let også songen runga i det tradisjonsrike lokalet.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen